

# Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Formannskapet	05.12.2011	092/11	EB
Kommunestyret	14.12.2011	099/11	EB

<b>Saksansvarleg:</b> Egil Birkrem	<b>Arkiv:</b> K2-M13	<b>Arkivnr.:</b> 11/1528
------------------------------------	----------------------	--------------------------

## VASSFORSYNING I KOVSTULHEIA/RUSSMARKEN

### Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	21.10.2011	Russmarken VA AS v/Knut Olsen	FØRESPURNAD VASSFORSYNING I KOVSTULOMRÅDET
2	I	24.10.2011	Hytteforeningenes AvløpsUtvalg (HAU)	VANN TIL KOVSTULHEIA
3	U	31.10.2011	Russmarken VA AS	FØRESPURNAD VASSFORSYNING I KOVSTULOMRÅDET
4	U	08.11.2011	Hytteforeningenes AvløpsUtvalg (HAU)	VANN TIL KOVSTULHEIA
7	I	10.11.2011	Russmarken VA as v/Helge Granlund	VANNFORSYNING I KOVSTULHEIA- RUSSMARKEN
8	I	10.11.2011	Hytteforeningenes Avløps Utvalg (HAU)	VANN KOVSTULHEIA
11	I	05.12.2011	Hytteforeningenes Avløps Utvalg	KOMMENTAR TIL SAK OM VASSFORSYNING
12	U	09.12.2011	Hytteforeningenes Avløps Utvalg	VEDK. SAK OM VASSFORSYNING

### Vedlagde dokument:

Dokument nr 2, brev frå HUA

## **Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:**

Plan og bygningslova

### **Saksgang:**

Formannskapet tilrår

Kommunestyre vedtek

### **Bakgrunn for saka:**

Fylkesmannen i Telemark gav Hjartdal kommune løyve etter forureiningslova til utslepp av avløpsvatn frå Kovstulheia – Russmarken reinsedistrikt. Løyvet er avgrensa til 9700 pe rekna som maksimalt vekebelastning. Dette tilsvarer avløp frå ca 1910 fritidsbustadar og Tuddal Høgfjellshotell. I løyvet er det tatt utgangspunkt i eit dimensjonerande forbruk på 400 l avløpsvatn pr døgn/hytte, dvs også for vatn ( vatn inn er lik avløp ut).

Selskapet Russmarken VA AS som er heileigd av Hjartdal EL-verk AS er i gang med utbygging av avløpsnett og vil i desember starte arbeida med overføringsleidningen for avløpsvatn frå Kovstulheia til Russmarken.

I september 2011 vart Hytteeierforeningenes AvløpsUtvalg (HAU) etablert for å ivareta felles interesser for hytteeigarar i Kovstulheia. I brev datert 24.10.11 ber HUA kommunen at vassforsyninga for Kovstulheia settas på dagsorden.

Russmarken VA AS har i brev datert 10.11.11 bedt kommunen ta stilling til om kommunen vil kome med pålegg/krav, i reguleringsplanar/byggesaker, for fritidsbustadar om å kople seg på eit felles vassforsyningsanlegg når/dersom dette måtte bli bygd.

Hjartdal kommune bør difor gje tilbakemelding på desse oppmodingane.

### **Vurdering:**

Plan og bygningslova § 27-1 omhandlar tilknytning til vassforsyning for fast busetnad.

Her står det:

#### *§ 27-1. Vannforsyning*

*Bygning må ikke føres opp eller tas i bruk til opphold for mennesker eller dyr med mindre det er forsvarlig adgang til hygienisk betryggende og tilstrekkelig drikkevann, samt slokkevann. Det samme gjelder opprettelse eller endring av eiendom for slik bebyggelse. Rettighet til å føre vannledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.*

*Når offentlig vannledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal, skal bygning som ligger på eiendommen knyttes til vannledningen. Vil dette etter kommunens skjønn være forbundet med uforholdsmessig stor kostnad, eller særlige hensyn tilsier det, kan kommunen godkjenne en annen ordning.*

*Kommunen kan i andre tilfeller enn nevnt i andre ledd, kreve at bygningen skal knyttes til offentlig vannledning når særlige hensyn tilsier det.*

*Reglene i andre og tredje ledd gjelder også for eksisterende byggverk.*

For fritidsbustadar gjeld lovvilråa i § 27-1 andre til fjerde ledd berre når dette er bestemt i plan, jfr § 30-6 i plan og bygningslova.

For at fritidsbustadar skal kunne krevjast påkople til felles vassleidning må det ligge før ein plan. Ein slik plan kan vera reguleringsplan eller ein overordna vassforsyningsplan

I tillegg kjem det at ein vassleidning må vera ”offentleg” – sjå § 27-1, 3.ledd, jamfør 4.ledd.

Dette er i motsetning til avløpsleidning kor det ikkje er krav til at leidningen er offentlig.

Det betyr at kommunen kan krevje at fritidsbustadar med privat vassforsyning skal kople seg til ein framtidig offentlig vassforsyningsanlegg dersom dette er bestemt i plan. Kommunen kan fråvike dette kravet dersom det er uforholdsmessige store kostnader eller særlege hensyn tilsei at ei anna ordning kan godkjennast.

Å bygge ut offentlig vassforsyning i Kovstul/Russmarken er ei stor oppgåve for Hjartdal kommune.

Totalt er det snakk om eit vassforsyningsanlegg for ca 1910 fritidsbustadar samt Tuddal Høgfjellshotell dersom dette anlegget skal forsyne heile området.

Det bør også gjennomførast granskingar for å kartlegge vasskilde for eit slik vassforsyningsanlegg. Ei vurdering på kor mange fritidsbustadar som kommunen kan krevje skal kople seg til over tid, bør planen også innehalde.

Utbygging av vassforsyning er på lik line med avløp underlagt reglane om sjølvkost. Det kan fastsettast eit eige sjølvkostområde for Kovstul/Russmarken. Kommunen treng såleis ikkje få direkte kostnader til ei utbygging, men må forskottere utbygginga inntil abonnentane er kopla på.

Rutinene til kommunen har hittil vore at utbygger av fritidsbustadar må stå for vassforsyning i nye områder som blir regulert til fritidsbustadar.

I områder der det er vedtatt reguleringsplanar utan krav til høg sanitær standard eller i mangel på slike, har det hittil vore slik at det er utbygger/hytteigar sjølv som må ordne vassforsyning dersom vedkomande søker om høg sanitær standar. Dette gjelder for nye og eksisterande fritidsbustadar.

Avløpsnett i området blir bygd nå. Økonomisk og praktisk er det fornuftig å bygge ut vassleidningsanlegget samtidig.

Dersom det viser seg at det ein gong i framtida ikkje er nok vatn frå private borebrønner i området, vil dette vera negativt for den einskilte hytteigar, men også for kommunen og for omdømmet til Tuddal som hytteområdet.

Kommune har ikkje eit direkte ansvar for å bygge vassforsyningsanlegg for fritidsbustadar.

På den andre sida har kommunen ansvar for arealbruk og infrastruktur. Når kommunen opnar for ei storutbygging har dette nokre konsekvensar. Kommunen er sentral i lokal samfunnsutvikling.

For at Hjartdal kommune skal kunne gje ei tilbakemelding bør det utarbeidast ein overordna vassforsyningsplan der ein vurderer ulike vasskilder og totale utbyggingskostnader.

Kommunen må søke ekstern bistand for å få utarbeidast ein slik plan.

Kostnadane er anslått til ca kr 200 000,-. Dersom kommunestyre vedtek at det skal utarbeidas ein overordna vassforsyningsplan bør desse kostnadane tas med i driftsbudsjettet for 2012.

Dette beløp er ikkje medtatt i rådmannens forslag til driftsbudsjett for 2012.

#### **RÅDMANNEN TILRÅR:**

1. Hjartdal kommune ser som prinsipp at det er behov for å samordne vassforsyning for Kovstulheia.
2. Det utarbeidast ein overordna vassforsyningsplan for heile Kovstulheia – Russmarken reinsedistrikt.

#### **05.12.2011 Formannskapet**

#### **Handsaming:**

#### Sven Tore Løkslid la fram følgjande forslag til nytt pkt. 3:

3. Finansiering: Takast over ramma for drift og vedlikehald.

**VOTERING:**

Rådmannen si tilråding med tilleggforslag frå Sven Tore løkslid blei vedteke med 4 mot 1 stemme.

**FOR-092/11 TILRÅDING:**

1. Hjartdal kommune ser som prinsipp at det er behov for å samordne vassforsyning for Kovstulheia.
2. Det utarbeidast ein overordna vassforsyningsplan for heile Kovstulheia – Russmarken reinsedistrikt.
3. Finansiering: Takast over ramma for drift og vedlikehald.

**14.12.2011 Kommunestyret**

**Handsaming:**

Gunvald Tho la fram følgjande forslag:

Saka blir sendt tilbake til administrasjonen for å greie ut alternative finansieringsløyser av vassforsyning i Kovstulheia/Russmarken.

**VOTERING:**

Det blei votert alternativt mellom formannskapet si tilråding og forslaget til Gunvald Tho. Formannskapet si tilråding blei vedteke med 13 mot 4 stemmer.

**KOM-099/11 VEDTAK:**

1. Hjartdal kommune ser som prinsipp at det er behov for å samordne vassforsyning for Kovstulheia.
2. Det utarbeidast ein overordna vassforsyningsplan for heile Kovstulheia – Russmarken reinsedistrikt.
3. Finansiering: Takast over ramma for drift og vedlikehald.